



Pressemelding 4. november 2020

Seks nye koronatilfelle

Alver kommune har fått melding om seks nye koronatilfelle. Fire av desse er knytt til tilfella på Seim barnehage.

Tilfella blir registrert på følgjande datoar i statistikken til Alver:

- Onsdag 4. november: To arbeidsinnvandrar
- Tysdag 3. november: Fire innbyggjarar i Alver

Avgrensar utbrotet

Den siste veka har fleire personar knytt til skular og barnehagar i kommunen fått påvist koronavirus.

..... Dette heng saman med smittesporing etter to positive tilfelle knytt til Seim barnehage laurdag 31. oktober.

– Vi jobbar med å avgrense utbrotet. Dei nye tilfella er resultat av arbeidet vi gjer med å kartleggje og teste nærkontaktar, fortel kommuneoverlege Terese Folgerø.

Koronasenteret jobbar breitt og testar målretta. Arbeidsmengda gjer at det kan ta tid å få testa alle som skal testast.

– Ta kontakt digitalt

– Dei tilsette på koronasenteret gjer ein formidabel innsats, seier kommuneoverlegen.

Ho ber alle som skal kontakte koronasenteret om å bruk det digitale skjemaet på nettsida til kommunen, og oppmodar dei som ventar på prøvesvar om å logge seg inn og finne prøvesvaret på www.helsenorge.no.

– Alle som testar positivt skal vere i isolasjon og nærkontaktar skal vere i karantene, seier kommuneoverlegen og minnar alle om at dei må gå rett heim etter ein test.